



KOMM. OG REG. DEP	
06 FEB 2006	
0513280-223	
Akt	661.0
Avd.	KO/KØ/HER

Saksgang	Møtedato	Saksnr.
Bystyret	30.01.2006	013/06

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Ester Frøyen	K1-103	02/1631
	Objekt:	

## UTTALE OM INNTEKTSUTVALET SI INNSTILLING.

### Kva saka gjeld:

Inntektssystemutvalet vart oppnemnt ved kgl. resolusjon av 03.10.03. leiar av utvalet har vore Lars Erik Borge, og utvalet la fram innstillinga si den 10.10.05. Innstillinga er no sendt på høyring med høyringsfrist 1. februar. Målsettinga med utvalet sitt arbeid har vore å vurdere om systemet ivaretok kravet om rettferdig fordeling og om inntektssystemet er eit effektivt virkemiddel for å gjennomføre Regjeringa sin politikk overfor kommunal sektor. Utvalet er bedd om å gjere ein brei fagleg gjennomgang av fordelingsmekanismane i finansieringssystemet med sikte på å komme fram til eit mest mogeleg enkelt og rettferdig system.

Utvalet sin utgreiing er på meir enn 500 sider. Rådmannen har vald å fokusere på einskilde tilhøve i innstillinga. Uttalet byggjer dels på ein fellesmal føreslege av KS Sogn og Fjordane og dels på eit arbeid *Agenda Utvikling & Utgreiing* gjer for eit utval vekstkommunar.

Flora kommune har hatt vesentleg meir vekst enn landsgjennomsnittet gjennom dei siste 20 åra. Dette har ført til mange nyinvesteringar og er med på å forklare store delar av storleiken på lånegjelda i kommunen. Trong for auka kapasitet i skole og barnehage har vore finansiert ved lån.

Eit kapitalproblem knytt til slik trong for auka kapasitet er av Borge-utvalet føreslege takla gjennom bruk av skjørnstilskot.

Utvalet foreslår vidare at ein avviklar ordninga med oppdaterte folketal i utgiftsutjamninga, men at den løpende inntektsutjamninga vert vidareført basert på oppdaterte folketal. Bruk av oppdaterte folketal i inntektsutjamninga vil gje gevinst til kommunar med folketalsauke.

Flora kommune får også 10,4 mill kr i skjønsmidlar (2006) der ca 9,8 mill kr av desse er kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift. Forslaget frå Borge-utvalet føreset ein sterk reduksjon i bruken av skjønnsmidlar.

Barnehagane er ikkje innrekna i utvalet sin utgreiing. Dette er ikkje tilfredstilande. Tilskot til barnehagar er i dag ei lovpålagnad oppgåve. Det aleine tilseier at utgifter til barnehagedrift bør vere del av utgiftssida av inntektssystemet.

Inntektssida i inntektssystemet er ikkje tilstrekkeleg behandla.

**Framlegg til uttale:**

1. Generelle merknader

Flora Bystyre meiner inntektssystemutvalet si innstilling inneber ein del forbetringar i høve til dagens system. Det som er særleg bra er idéen om eitt samla distriktpolitisk tilskot, den nye overgangsordninga, og den generelle viljen til å forbetre einskilde kostnadsnøklar. Før inntektssystemet vert endra bør delar av grunnlaget forbetraast. Dette er kommentert nedanfor.

2. Det nye distriktpolitiske tilskotet

Det distriktpolitiske tilskotet kan bli eit ryddig og godt element i inntektssystemet. Men konsekvensane av å endre det distriktpolitiske tilskotet ved å legge soneinndelinga i distriktpolitikken til grunn fullt ut må utgreiaast.

3. Kommunale vegar

Kommunevegar representerar sjølvsgart velferdstenester og kommunale kostnader som må reflekterast i inntektssystemet, og må vere med som kostnadsnøkkelen på line med fylkesvegar.

4. Barnehagane

Kostnadsnøkkelen for barnehagar må vurderast på nytt, og konsekvensane av behovet for små barnehagar med smådriftslemper i distrikta må belysast.

5. Skjønnstilskotet

Skjønnstilskotet må til ei kvar tid vurderast politisk ut frå det behovet ein ser for å oppnå ein fordelingsprofil som ikkje vert ivareteke av inntektssystemet.

6. Inntektsutjamninga

Det er ein mangel i inntektssystemutvalet si innstilling at inntektsutjamninga ikkje er vurdert. Det må gjennomførast ei utgreiing av dette.

7. Overgangsordninga

Den skisserte overgangsordninga er enkel og svært god.

8. Kapitalkostnader grunna vekst.

Kommunar med sterk vekst i folketallet over mange år har særskilte utfordringar. Desse utfordringane er særleg knytt til høgt investeringsbehov og høge kapitalkostnader som gjer at tenestetilbudet elles vert skadelidande. Dette vert

drøfta i utgreiinga utan at forslag til nytt inntektssystem tek høgde for desse utfordringane. Forslaget synes å forverre vekstkommunane sin situasjon, og etter Flora Bystyre sitt syn vert det feil å rette opp systematiske skeivheiter ved auka bruk av skjønn.

#### 9. Fylkeskommunen

Flora Bystyre er sterkt uroa over kva konsekvensar ein foreslått ny kostnadsnøkkel for fylkeskommunane vil bety for Sogn og Fjordane, og føreset at alle deler av denne må utgreiast grundigare.

Flora Bystyre sluttar seg til førebels uttale frå styret i KS Sogn og Fjordane der ein konkluderar med:

- Utgreiinga i høve til fylkesvegar må supplerast med ei vurdering av variasjon i kostnader med reinvestering.
- Kostnadsnøkkelen for lokale ruter i inntektssystemet for fylkeskommunane må forkastast. Det er her behov for kartlegging og vektlegging av kostnadene med skyss i grunnskulen. Vidare må behovet for rutetenester i eit utkantfylke kartleggast.
- Kriteriet for tannhelsetenesta må gjennomgåast på nytt for å finne forklaringar på dei store skilnader i kostnadene ein har i dag. ”

### **30.01.2006 BYSTYRET**

#### ***Framlegg:***

Framleg til nytt pkt.8 frå Repr. Kvamsås Aa,SV:

#### **Strukturkriteriet**

Det bør framleis gjevast full kompensasjon for smådriftsulemper knytta til lågt innbyggjartal. Strukturkriteriet utvalet drøftar vil etter vårt syn ha uheldige og utilsikta verknader for kommunar med tettbygde sentrum, men og eit spreiddbygd distrikt.

#### ***Røysting:***

Tilrådinga med framlegget frå Kvamsås Aa til nytt pkt.8 vart samrøystes vedteke.

### **BYST-013/06 VEDTAK:**

#### **1. Generelle merknader**

Flora Bystyre meiner inntektssystemutvalet si innstilling inneber ein del forbetingar i høve til dagens system. Det som er særleg bra er idéen om eitt samla distriktpolitisk tilskot, den nye overgangsordninga, og den generelle viljen til å forbetre einskilde kostnadsnøklar. Før inntektssystemet vert endra bør delar av grunnlaget forbetrast. Dette er kommentert nedanfor.

## 2. Det nye distriktpolitiske tilskotet

Det distriktpolitiske tilskotet kan bli eit ryddig og godt element i inntektssystemet. Men konsekvensane av å endre det distriktpolitiske tilskotet ved å legge soneinndelinga i distriktpolitikken til grunn fullt ut må utgreiaast.

## 3. Kommunale vegar

Kommunevegar representerar sjølvsgart velferdstenester og kommunale kostnader som må reflekterast i inntektssystemet, og må vere med som kostnadsnøkkel på line med fylkesvegar.

## 4. Barnehagane

Kostnadsnøkkelen for barnehagar må vurderast på nytt, og konsekvensane av behovet for små barnehagar med smådriftsulemper i distrikta må belysast.

## 5. Skjønnstilskotet

Skjønnstilskotet må til ei kvar tid vurderast politisk ut frå det behovet ein ser for å oppnå ein fordelingsprofil som ikkje vert ivareteke av inntektssystemet.

## 6. Inntektsutjamninga

Det er ein mangel i inntektssystemutvalet si innstilling at inntektsutjamninga ikkje er vurdert. Det må gjennomførast ei utgreiing av dette.

## 7. Overgangsordninga

Den skisserte overgangsordninga er enkel og svært god.

## 8. Strukturkriteriet

Det bør framleis gjevast full kompensasjon for smådriftsulemper knytta til lågt innbyggjartal. Strukturkriteriet utvalet drøftar vil etter vårt syn ha uheldige og utilsikta verknader for kommunar med tettbygde sentrum, men og eit spreiddbygd distrikt.

## 9. Kapitalkostnader grunna vekst.

Kommunar med sterkt vekst i folketallet over mange år har særskilte utfordringar. Desse utfordringane er særleg knytt til høgt investeringsbehov og høge kapitalkostnader som gjer at tenestetilbudet elles vert skadelidande. Dette vert drøfta i utgreiinga utan at forslag til nytt inntektssystem tek høgde for desse utfordringane. Forslaget synes å forverre vekstcommunane sin situasjon, og etter Flora Bystyre sitt syn vert det feil å rette opp systematiske skeivheiter ved auka bruk av skjønn.

## 10. Fylkeskommunen

Flora Bystyre er sterkt uroa over kva konsekvensar ein foreslått ny kostnadsnøkkel for fylkeskommunane vil bety for Sogn og Fjordane, og føreset at alle deler av denne må utgreiaast grundigare.

Flora Bystyre sluttar seg til førebels uttale frå styret i KS Sogn og Fjordane der ein konkluderar med:

- a. Utgreiinga i høve til fylkesvegar må supplerast med ei vurdering av variasjon i kostnader med reinvestering.
- b. Kostnadsnøkkelen for lokale ruter i inntektssystemet for fylkeskommunane må forkastast. Det er her behov for kartlegging og vektlegging av kostnadene med skyss i grunnskulen. Vidare må behovet for rutetenester i eit utkantfylke kartleggast.

Kriteriet for tannhelsetenesta må gjennomgåast på nytt for å finne forklaringar på dei store skilnader i kostnadene ein har i dag. ”

Fredrik W. Gulbranson  
Rådmann

## **Innleiing.**

### **Generelle merknader.**

Inntektssystemutvalet si innstilling inneber ein del forbetringer i høve til dagens system. Det som er særleg bra er idéen om eitt samla distriktpolitisk tilskot, den nye overgangsordninga, og den generelle viljen til å forbetre einskilde kostnadsnøklar. Men fleire delar av framleggget er ikkje tilfredsstillande. Før inntektssystemet vert endra bør difor delar av grunnlaget forbetraast. Dette er kommentert nedanfor.

### **Distriktpolitikken.**

Inntektssystemutvalet sin ambisjon er å tilpasse dei distriktpolitiske elementa til den offisielle statlege distriktpolitikken. Dette er isolert sett ein uangripeleg ambisjon. Men utvalet snublar alt i gjennomføringa. For det første reknar ein inn delar av skjønnet utan at det er tilstrekkeleg godt gjort at dette er distriktpolitisk grunngjeve. Dernest kuttar ein ut ein god del "C-" og "D-kommunar" fordi det elles vert for mange kommunar som får tilskot. Tal kommunar er ikkje eit problem viss ein følgjer områdeinndelinga for dei distriktpolitiske verkeområda med tilhøyrande dosering. Her opptrer inntektssystemutvalet politisk. Ein burde heller vist kva omfordeling som følgjer av at utvalet lagar sin eigen distrikts-politikk.

### **Kommunale vegar.**

Inntektssystemutvalet har ikkje vore villig til å utarbeide ein eigen kostnads-nøkkel for kommunale vegar. Det kommunale vegnettet representerer for mange kommunar ein stor utgiftspost som ein ikkje kan sjå bort frå dersom ein skal ta eige busettingsmønster på alvor. Inntektssystemutvalet sitt argument er at det kommunale vegnettet ikkje representerer nasjonale velferdstenester i tilstrekkeleg grad. Dersom ein legg ein slik tankegang til grunn, bør ein også kutte ut fylkesvegane frå systemet.

### **Barnehagane.**

Den nye barnehagenøkkelen ser bort frå at det kan vere systematisk skeivfordeling av smådriftsulemper i kommunesektoren. Forsking viser at små barnehagar har vesentlege smådriftsulemper. I tilknyting til innlemminga av barnehagetilskota i inntektssystemet burde ein sett nærmare på om det er ein tydeleg overvekt av små barnehagar i t.d distrikts- og utkant-kommunar og i så fall drøfta kva implikasjonar dette evt burde få.

### **Bruk av skjøn.**

Utvalet tek til orde for at skjønnspotten om lag skal halverast. Det er uvisst korleis dette slår ut for einskildkommunar, og ein må ha med seg dette punktet i utvalet si innstilling når ein samanliknar med eksisterande system.

Storleiken på skjønnspotten bør i prinsippet reflektere i kor stor grad inntektssystemet gjev den fordelingsprofilen Stortinget ønskjer. Eit godt system krev lite skjønnsmidlar, eit mindre godt system mykje skjønnsmidlar. Ekspertar vil alltid meine at dei har kome med eit godt system og såleis tilrå lite skjønn. Spørsmålet om storleiken på skjønnet bør overlastast til politisk side.

Mandatet til inntektssystemutvalet om å vurdere ordninga med inntektsutjamnande tilskot bør følgjast opp med ei eiga delutgreiing. Mykje talar for at det må verte ei større inntektsutjamning enn i dag, fordi auka skatteandel og del av selskapsskatten, saman med

andre endringar, vil medføre for store svingningar i inntektene for spesielt mindre kommunar med trond økonomi. Auka inntektsutjamning vil ha svært lite å seie for kommunane sitt insitament til å arbeide med næringsutvikling.

Vedlagd følgjer samandragskapitlet av utgreiinga og dei berekningar med forklaringar som utvalet har gjort.

Vedlegg 1: Fordelingsverknader viser at Flora kommune tapar 347 kroner pr innbyggjar

Vedlegg 3: Berekna Utgiftstrong er om lag uendra

Vedlegg 4: Fordeling av nytt distriktpolitisk tilskot

Vedlegg 5: Fordeling av strukturkriteriet. (Reiseavstand)

9	I	11.10.2005	Det Kongelige Kommunal- og regionaldepartement	Høring - Inntektssystemutvalgets utredning - NOU 2005: 18 Fordeling, forenkling, forbedring - Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner
10	I	28.10.2005	Det Kongelige Kommunal- og Regionaldepartement	Høring - NOU 2005: 18 Fordeling, forenkling, forbedring - Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner

